



Vigdis Bjørge
Gaustad 51
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/7823 - 22/82988

Saksbehandlar:
Roba Alserhan
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:
01.11.2022

Fritak frå kravet om gjødselplan GBNR 339/2 Gaustad

Administrativt vedtak: Saknr: 1226/22

VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging foretaket Rune Einar Gaustad dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 01.11.2027 for gbnr 339/2 då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra, må det fremjast ny søknad.

Saka gjeld:

Foretaket **Rune Einar Gaustad** har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr 339/2.

Søkjer eig 17 daa overflatedyrka mark, 4 daa fulldyrka mark og 51 daa innmarksbeite.

Drifta er 18 vinterfora sau. Søkjeren samlar ikkje husdyrgjødsel fordi han har sauver som går ute heite året.

Søkjeren bruker små mengder av kunstgjødsel.

VURDERING:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (GDE =0)etter frådrag for beitetid, og har stort areal i høve til dyretalet. Kommunen har derfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år.

Regelverk

Forskrift om gjødselplanlegging.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: « 22/7823 »

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Roba Alserhan
Rådgjevar Landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Rune Einar Gaustad
Vigdis Bjørge

Gaustad 51
Gaustad 51

5919 Frekhaug
5919 FREKHAUG